

**Eldsprutande Arnardo kjem 4. mai!****17.04.2009**

**Cirkus Arnardo kjem tidleg til Uskedalen i år - allereie mandag 4. mai klokka 18.30 er dei på plass på Rabben Feriesenter.**

**Truleg kjem dei dagen før, for det er lagt inn ein fridag på sundag 3. mai.  
Laurdag er dei i Sauda og tysdag i Odda.**

Det no 60 år gamle sirkuset starta sesongen i Arendal 14. mars og skal innom 140 bygder og byar over heile landet før sesongen er over. Starten var i Kongsvinger 29. april 1949.

Ein av attraksjonane i år er den eldsprutande sensasjonen Anatoli Joukov. Han drakk jetfly-drivstoff og vert forvandla til ein menneskjeleg vulkan! Sjå berre på biletet over!

Den russiske fakiren er den mest ekstreme artisten Arnardo nokon gong har hatt på programmet sjølv om rundt 1.500 artistar har opptrådt på sirkuset gjennom åra.

Sirkusleia trekk også spesielt fram dei to klovneane Francesco og Jimmi som spinn raude trådar gjennom heile framsyninga.

Men det er mykje meir.....

Til dømes er det Paul Chen, som er fra Seattle og verdensmester i unicycle.  
Og for Glen Nicolodi er det inga problematisk øving å gå på ei hand ned ei trapp.

Diabolo er ein unik kinesisk oppfinning og går heilt attende til Mingdynastiet.

Huachen Acrobatic Troupe tek oss med inn i diaboloen si allsidige verd.....

Og sjølvsgart er Gärtners elefantar med også dette året, saman med ei eksotisk dyregruppe med dromedalar, esel, lamaar og yakokse. Sirkus utan dyr er eit simpelt sirkus....

Av Ola Matti Mathisen